



Reidar Furelid
Gausereide
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1827 - 14/23487

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
27.10.2014

Gbnr 182/4 Gausereide m.fl. spørsmål om tilskot til skjøtsel av steingard, tiltak under ordning for RMP.

I samband med søknad om tilskot til regionale miljøtiltak, har kommunen motteke ei melding den 11.september 2014, der du tek opp spørsmålet om du har rett på tilskot til skjøtsel av nokre steingardar som står på din eigen eigedom gnr.182 bnr.4 og ei leigejord på Bøkevoll gnr.154 bnr.2.

Du skriv i meldinga til kommunen: «Eg har fått for steingardar før 2013. Eg fekk melding om at eg ikkje var berettiga tilskot til skjøtsel av steingard p.g.a. at den var i utmark! No er steingarden eg har søkt om mellom utmark og innmark. Utmarka er mi og kring halve lengda grensar til vår innmark medan resten er på nabobruket.

På Bøkevoll har eg sauer på beite der det er ein svært god steingard. Den er 140m lang. Eg vil definere beitet der som stort sett innmark, då det er avgrensa med gjerde mot det vi tradisjonelt kallar utmark. Ein stor del av det gjerdet er steingard («forsikra» med not på innsida).

Landbrukskontoret har vore på synfaring for å vurdere om steingardane du nemner stettar dei krava som er sett i regelverket: Steingardar skal vere på eller i kanten av innmark (fulldyrka og overflatedyrka jord, gjødsla beite), steingjerdet må vere minst 75cm høgt og vere i slik stand at det står fram som eit gjerde i landskapet. Den skal vere godt oppmura, ikkje ei rydningsrøys... Steingarden skal haldast såpass fri for vegetasjon at den er synleg og naudsynt vedlikehald må utførast jamleg. Søkjar må ha miljøplan trinn 2 for steingarden.»

Det er berre steingardar som ligg på eigedommar som er med i søknad om produksjonstilskot som kan få tilskot gjennom RMP.

Ang. Bøkevoll. Her ligg steingarden søraust for den gamle gartneritomta. Den første delen er mest som ei steinrøys, og den har du ikkje ført opp i kartet som syner kva du søker på. Den neste delen er om lag 20 meter gjerde på som ligg på den eigdommen som du viser i kartet at du nyttar. Gjerdet er mykje lenger og strekkjer seg innover i skogen, men det er på naboeigdommen. Den delen du søker på er i orden. Den stetter likevel ikkje kravet om å vere synleg i terrenget, og den er heller ikkje fristilt frå tre som står på utsida av muren. Truleg er den akkurat høg nok, men det at du treng not på innsida for at den skal fungere som gjerde seier nok at muren er i grenseland for kva som kan passere.



Landbrukskontoret har teke fram søknaden om produksjonstilskot, og ser at du ikkje fører opp denne eigedom på Bøkevoll blant dei eigedommane du nyttar som grunnlag for drifta di. Det gjorde du heller ikkje i 2013.

Truleg er det først og fremst dette som ligg bak at du ikkje fekk tilskot for denne muren i 2013.

Ang. Gausereide. Steingarden du søker på her ligg i det sørvestre hjørnet av beitemarka i grense mot 182/5. Det er ein flott steingard som og er tilknytt murane av ein gardflor.

Synfaringa viste diverre at muren ikkje er halde i god stand. Store delar er falle ned og på innsida der dyra skal gå, vil steingarden ikkje fungere like godt som gjerde alle stader. Sauene går og på utsida og difor er det ikkje gjort tiltak for å sikre at steingarden verkar som gjerde.

Som det går fram av sitatet frå regelverket er dette eit tilskot til skjøtsel – det vil seie at for å få tilskotet må det gå fram at steingarden er halde ved like. I alle høve må det gjelde den delen det vert søkt tilskot for. Målt på kartet i M 1:1500 er den delen av gjerdet som står på din eigedom og mellom innmark og utmark om lag 30 meter. Steingarden ber preg å vere i forfall og stein som har dotte ned er ikkje sett på plass. Det er alt lenge sidan forfallet sette inn – muren og steinane som har dotte ned er heilt mosegrodde. Det er og ein del vegetasjon framfor, slik at kravet om synleg i terrenget ikkje er stetta.

Landbrukskontoret er samd i at steingarden er eit flott stykke arbeid, og du kunne få STIL- middel til å sette muren i stand. Deretter kunne du søkje om RMP middel til årleg vedlikehald.

For å få stønad frå RMP-middel må du legge fram miljøplan trinn 2 – dette skal vere ei oversikt over dei kulturminna og andre miljøelement på garden din, som du har planar om å take særleg vare på. Eit døme er nettopp steingarden med gardflor og ein plan for kva tiltak du skal gjere på staden.

Landbrukskontoret kan ikkje sjå at du har lagd fram ein slik miljøplan trinn 2. Landbrukskontoret kan gje deg ei hjelpande hand, dersom du ynskjer å lage ein slik plan.

På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor, finn landbrukskontoret at du ikkje har krav på tilskot til skjøtsel av steingjerde.

VEDTAK:

Med heimel i forskrift for regionalt miljøprogram og i det ein syner til rettleiing for tilskot til skjøtsel av steingardar, gjer Lindås kommune vedtak om å avslå søknaden din om tilskot til skjøtsel av steingjerde. Grunngevinga for vedtaket går fram av vurderingane ovanfor.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdeling i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine føresegner. Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Reidar Furelid

Gausereide

5912

SEIM